

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 27.01.2004 **Tid:** 15.00-18.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte alle , inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge og sekretær Eva Hellevang under heile møtet.

Sosialeiar Thore Austnes under orienteringa frå sosialeininga og Biblioteksjef Eldrid Sørnes under orienteringa frå biblioteket.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 4. februar 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Godkjent slik dei ligg føre.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Magda Haugen** hadde 3 spørsmål. Ho etterlyste betre strøing og salting på skulevegen til Nordbygda skule. Ass.adm.sjef meinte at ho som mor kan ta det opp/skriva brev til skulen og be om at dette vert gjort.

Spørsmål 2 var om ikkje begge dei kommunale representantane til den einskilde skulen sitt samarbeidsutval er for både skule og barnehage. I innkallinga frå Gjerde skule er den eine kalla representant for skulen og den andre for representant for barnehagen. Svaret frå administrasjonen var at dette sannsynleg berre var ein skrivefeil frå skulen si side, og at dei to kommunale repr. er valt til SU for skule og barnehage.

Det 3. spørsmålet var om tannlegesituasjonen. Dette vart orientert om i møteprotokollen og at kommunen no har fått tannlege igjen.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

**Sosialleiar Thore Austnes** vart presentert for utvalet. Han gjekk gjennom sakshandsaminga i barnevernet. Han ynskjer å møta utvalet et par gongar om året for å informera og svara på spørsmål.

**Biblioteksjef Eldrid Sørnes** vart og presentert for utvalet. Ho orienterte kort om ny biblioteklov og stoda på biblioteket.

**Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge** informerte om kulturprisen. Det er berre kome inn eit forslag på kandidat til prisen. Utvalet ynskjer å gå gjennom statuttane for utdeling av prisen. Dei vil få dei tilsendt ilag med møteprotokollen. Det vert lagt opp til synfaring på Li i mai/juni-møtet for sjå på det kulturlandskapsvernet som er gjennomført der

**Audhild Aa. Olsnes** informerte om kva arbeidsgruppa har gjort til no. Gruppa har vedteke å plassere Stolpane ved Nordbygda skule og skal utarbeida ein plan for sjølve flytting av Stolpane skulehus.

**Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge** informerte om prosjektet "trivselsgrenda". Grendalaget på Ådland v/Svein Ådland er med eit bygdeutviklingsprosjekt i regi av Fylkesmannen, og har fått kr. 60.000,-. I tilskot. Kommunen har sett av kr. 20.000 i budsjettet til kommunal del.

Prosjektet vert vidareført sjølv om Stolpane skulehus ikkje er ein del av dette prosjektet lenger. Ho informerte og om trivsels- og helsereisar til Kypros i regi av Vitaltour AS.

Magda Haugen skal reisa på eit seminar i Bergen 30. januar, der planar for neste sesong vert lagt fram. Utvalet slutta seg til å vere positiv til prosjektet slik det no vert gjennomført.

Det vart informert om stoda for ambulansen, og at ordførar og rådmann skal i møte med adm.dir. for Helse Bergen den 30.01.04. .

Desse sakene vart handsama:

## **SAKSLISTE**

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/04	03/00132 <b>SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER.KONTRAKT</b>
0002/04	03/00501 <b>BALLBINGAR I SAMNANGER.PLASSERING</b>

0001/04

**SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER.KONTRAKT****Framlegg til vedtak::**

Framlegg til avtale med Svein Egil Kvale om å skriva framhald av slektssoaga for Samnanger vert godkjend. Utval for oppvekst og omsorg er styringsorgan for arbeidet. Det vert skipa ei referansegruppe på 3 personar, der eitt medlem kjem frå utvalet, dei to andre frå historielaget.

**Handsaming i møte:**

**Magda Haugen** vart vald som utvalet sin representant til referansegruppa.  
Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Framlegg til avtale med Svein Egil Kvale om å skriva framhald av slektssoaga for Samnanger vert godkjend. Utval for oppvekst og omsorg er styringsorgan for arbeidet. Det vert skipa ei referansegruppe på 3 personar, der eitt medlem kjem frå utvalet, dei to andre frå historielaget. Magda Haugen er utvalet sin representant.

0002/04

**BALLBINGAR I SAMNANGER. PLASSERING****Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

**Magda Haugen** la fram følgjande forslag til vedtak: Samnanger kommune tek med takk i mot gåva frå Trond Mohne – to ballbingar.

Plasseringa vert slik

1. Gjerde skule – ballplassen
2. Samnanger ungdomsskule – skuleplassen

Detaljplanlegging vedr. plasseringa må gjerast saman med skulane/FAU.

O.O. – utvalet ynskjer å tilgodesjå Rolvsvågkrinsen med kulturmidlar til uteaktivitetar for born i 2004.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune tek med takk i mot gåva frå Trond Mohne – to ballbingar.

Plasseringa vert slik

3. Gjerde skule – ballplassen
4. Samnanger ungdomsskule – skuleplassen

Detaljplanlegging vedr. plasseringa må gjerast saman med skulane/FAU.

Oppvekst- og omsorgsutvalet ynskjer å tilgodesjå Rolvsvågkrinsen med kulturmidlar til uteaktivitetar for born i 2004.